

Direktesending



To av dei dyktige, unge talentane på kultursektoren i Uskedalen hadde eit spesielt oppdrag i føremiddag:

Dei song og spela for kommunestyret.

Birte Nybakk (14) song og Ingebjørg Haugland (15) akkompagnerte på piano.

Dei er begge elevar på ungdomsskulen og i kulturskulen og ettersom dette var julemøtet for dei folkevalde var det rimeleg at songen handla om jula.



Birte Nybakk song (Foto:Kristian Hus, HusnesNett)

Den var henta frå 'Reisen til julestjernen' og vart belønna med stor applaus og berømmende ord frå ordførar Synnøve Solbakken.



Ingebjørg Haugland spela (Foto: Kristian Hus, HusnesNett)

Den første som hadde ordet i debatten etterpå nytta til
og med songen som eit argument i kulturskulesaka.

Og ettersom det var direkte overføring av møtet via internett, vart også innslaget med dei
unge uskedelingane overført (biletet).

(Foto øverst: Ola Matti Mathisen)